



TINN KOMMUNE

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2005 1130 37
Melding:	Z U DN 2005 ASR/JUR
Saksbehandler:	IAA
Kopier:	41
Arbeid:	

Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref:
05/01975-4

Saksbeh:
Anne Lise Haugen, 35081501


Arkivkode:
V61

Dato:
18.10.2005

Særutskrift: Høring av forslag til endringer i jordlova

Vedlagt følger melding om vedtak .

Med hilsen


Anne Lise Haugen
formannskapssekretær



Høring av forslag til endringar i jordlova

Utvalgssaknr	Utvalg	Møtedato
092/05	Samfunnsutvalget	12.10.05

Rådmannen si innstilling:

Tinn kommune viser til dei vurderingane som framgår av saka og går imot framlegget om oppheving av delingsforbodet i jordlova og dei lovendingane som følgjer av dette.

Dersom Stortinget likevel skulle vedta å oppheve det generelle delingsforbodet, er det eit klart behov for å gje heimel for kommunane til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søke samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar.

Til dei andre foreslåtte endringane som kjem fram av høyringsnotatet har kommunen ikkje merknader.

Behandling i Samfunnsutvalget 12.10.2005:

Brynjulf Einungbrekke fremmet flg. forslag:

”Over tid har bosetningen ute på bygdene i Tinn gradvis blitt redusert. En viktig årsak til dette er den jordbrukspolitikk som har vært først over år – uavhengig av hvilken farge regjeringene har hatt.

Ulike strategier er prøvd for å bote på avbefolkningsproblemet. Historisk viser høringen at etter jordloven av 1928 ble det i stor grad utskilt såkalte bureisningsbruk – også i Tinn. Dette var små bruk som ofte tjente som attåtnæring for mer tradisjonelle arbeidsplasser.

En kan med en viss sikkerhet si at en i dag har en etterspørsel etter ”bureisningsbruk” eller store tomter opp mot 20-30 mål. Men disse er svært sjeldent ute på det åpne markedet av forskjellige årsaker.

En årsak til at bosettingen ikke tar seg opp er delingsforbudet i jordlovens § 12. Delingsforbudet bygger på at det er samfunnet som skal bestemme og ikke grunneier om fremtidig bruk av eiendommen. Men i de fleste tilfeller, på landsbasis, blir det, i flg. høringsnotatet, gitt løyve til deling av landbrukseiendommer.

En stor del av landbrukseiendommene har et ressursgrunnlag som ikke kan gi eieren nevneverdig inntekt gjennom tradisjonelt landbruk. Utmarksressursen har det vært

fokusert på, men i vår kommune har samtidig miljøvernmyndighetene satt begrensninger i aktiviteten og muligheten for inntekter på denne muligheten.

Fritt salg på det åpne markedet kan være en ny vei å gå for derigjennom å få tilvekst på bygdene i form av bosetting og økt kapital for grunneier som igjen kan brukes til næringsutvikling.

Fradeling av dyrket mark bør i størst mulig grad unngås, her bør en videreføring av § 12 gjennomføres. Samtidig bør en ha en viss styring med fradeling av bygninger i tun på gården. Dette er i tråd med høringsforslaget.

Utvalget ser det som viktig å sikre bosettingen på bygdene i Tinn. For å få til dette kan opphevelse av § 12 i jordloven være et viktig bidrag til at grunneierne ønsker å selge ut deler av eiendommen, som ikke er dyrkbar mark, til nyetablerere. Vi er gjort kjent med, via media etc, at det er et marked som ønsker store tomter på bygdene.

Da ønsker utvalget en lovendring som i større grad enn i dag, stimulerer til økt omsetning av landbrukseiendommer. Heving av arealgrensen i konsesjonsloven var et riktig skritt på veien. Om dette ble som forventet er det for tidlig å analysere da ordningen ikke har vart i 2 år enda.

Konklusjonen er at utvalget ønske å oppheve § 12 i jordloven.

Einungbrekkes forslag ble enst. vedtatt.

Vedtak i Samfunnsutvalget - 12.10.2005:

Over tid har bosetningen ute på bygdene i Tinn gradvis blitt redusert. En viktig årsak til dette er den jordbrukspolitik som har vært først over år – uavhengig av hvilken farge regjeringene har hatt.

Ulike strategier er prøvd for å bøte på avbefolkningsproblemet. Historisk viser høringen at etter jordloven av 1928 ble det i stor grad utskilt såkalte bureisningsbruk – også i Tinn. Dette var små bruk som ofte tjente som attåtnæring for mer tradisjonelle arbeidsplasser.

En kan med en viss sikkerhet si at en i dag har en etterspørsel etter ”bureisningsbruk” eller store tomter opp mot 20-30 mål. Men disse er svært sjeldent ute på det åpne markedet av forskjellige årsaker.

En årsak til at bosettingen ikke tar seg opp er delingsforbudet i jordlovens § 12. Delingsforbudet bygger på at det er samfunnet som skal bestemme og ikke grunneier om fremtidig bruk av eiendommen. Men i de fleste tilfeller, på landsbasis, blir det, i flg. høringsnotatet, gitt løyve til deling av landbrukseiendommer.

En stor del av landbrukseiendommene har et ressursgrunnlag som ikke kan gi eieren nevneverdig inntekt gjennom tradisjonelt landbruk. Utmarksressursen har det vært fokusert på, men i vår kommune har samtidig miljøvernmyndighetene satt begrensninger i aktiviteten og muligheten for inntomme på denne muligheten.

Fritt salg på det åpne markedet kan være en ny vei å gå for derigjennom å få tilvekst på bygdene i form av bosetting og økt kapital for grunneier som igjen kan brukes til næringsutvikling.

Fradeling av dyrket mark bør i størst mulig grad unngås, her bør en videreføring av § 12 gjennomføres. Samtidig bør en ha en viss styring med fradeling av bygninger i tun på gården. Dette er i tråd med høringsforslaget.

Utvalget ser det som viktig å sikre bosettingen på bygdene i Tinn. For å få til dette kan opphevelse av § 12 i jordloven være et viktig bidrag til at grunneierne ønsker å selge ut deler av eiendommen, som ikke er dyrkbar mark, til nyetablerere. Vi er gjort kjent med, via media etc, at det er et marked som ønsker store tomter på bygdene. Da ønsker utvalget en lovendring som i større grad enn i dag, stimulerer til økt omsetning av landbrukseiendommer. Heving av arealgrensen i konsesjonsloven var et riktig skritt på veien. Om dette ble som forventet er det for tidlig å analysere da ordningen ikke har vart i 2 år enda.

Konklusjonen er at utvalget ønsker å oppheve § 12 i jordloven.

Dokument i saka

I Forslag til diverse endringer i jordloven

Det kongelige landbruks- og

Vedlegg:

- 1 Høyringsnotat frå Landbruks- og matdepartementet 29.06.05
- 2 Møtebok for Fylkeslandbrusstyret i Møre og Romsdal 07.09.05
- 3 Møtebok for Fylkeslandbruksstyret i Telemark 23.09.05

Innleiing:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring eit forslag til diverse endringar i jordlova, der den mest omfattande endringa er å fjerne det generelle delingsforbodet for landbrukseigedomar som er nedfelt i § 12. Andre endringsforslag gjeld oppheving av føresegnar om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegnar om ekspropriasjon etter jordlova, tilskotsordninga jf. jordlova § 18, og oppheving av nokre uaktuelle lover.

Samfunnsutvalet er kommunen sitt landbrukspolitiske fagutval. Fristen for å gje uttale til endringsforslaget er 1. november 2005.

Fakta:

I høyringsbrevet som ligg ved høyringsnotatet, skriv departementet mellom anna:

"Eigedomar og bygningane som står på dei er ein ressurs. For å sikre positiv utvikling i bygde-Norge må vi verta meir bevisste på korleis ressursane kan takast i bruk for å nå distrikts- og landbrukspolitiske mål. Eigendomspolitikken bør ta vare på ulike omsyn. Det er nødvendig å støtte opp om ei utvikling mot større eigedomar. Dette kan gi grunnlag for ein meir effektiv gjennomføring av landbruks- og tenesteproduksjonen. Samtidig bør innbyggjarane få større fridom til å velje sjølv korleis dei vil bu. Dei som ønskjer å bu på ein gard, men som ikkje hentar inntekta si frå tradisjonelt landbruk, bør få større moglegheit enn i dag til å gjere det. Det må også bli større moglegheit til å få frådelt store tomter i landbruksområde. Det må samtidig takast vare på dyrka jord, og kulturlandskapet må sikrast som grunnlag for rekreasjon. Samla er dette ein politikk som legg til rette for å nytte eigendomsressursane slik at busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta kan sikrast på ein betre måte enn i dag.

Forslaga i del I og II går ut på:

- at det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom blir oppheva, samstundes som det blir fastsett reglar om å søke delingssamtykke der det er behov for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådeling av dyrka jord.
- at eigar må søke samtykke til deling eller frådeling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, eller der frådelinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til eit anna bruk i drift.
- at tinglysingskontrollen ved frådeling blir oppheva, og at kontroll av om delinga er omfatta av plikt til å søke samtykke etter jordlova skal gjennomførast i samband med kommunen si behandling av sak om deling og oppmåling etter føresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.
- å avvikle ordninga med frivillig statleg kjøp for å sikre tilleggsjord.
- å oppheve oreigningsadgangen for å sikre tilleggsjord eller rettar, og i samband med vanhevd av jord.

Departementet vurderer også:

- om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen.
- om kommunane bør få moglegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søke samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar eller om det bør innarbeidast
- endringar i føresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunane kan fastsette føresegner i arealplan.
- å oppheve oreigningsadgangen i samband med husmanns- og bygselsbruk.

Forslaget i del III byggjer på eit ønske om å synleggjera i jordlova § 18 kva for reaksjonar forvaltninga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket, og at omsetningsledda har ei rolle i tilskotsformidlinga. Forslaget inneber at forhold som i dag berre er regulert i forskrifter med heimel i jordlova også blir regulert i lov. Forslaget er ikkje meint å innebere endringar i gjeldande rett.

Forslaget i del IV byggjer på eit ønske om å rydde opp i regelverket ved å oppheve lover som har blitt uaktuelle på grunn av samfunnsutviklinga eller som har mista sin reelle funksjon av andre årsaker. Forslaget gjeld oppheving av følgjande lover:

- Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud mv.
- Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplet kjøtt og skinn av tamrein
- Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m.
- Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn
- Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer
- Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond)”

Vurdering:

Generelt.

Jordloven har til formål å legge tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane) kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Etter jordlovens § 12 kan eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk ikkje delast utan samtykke frå landbruksmyndighetene. Med eigedom meiner ein og rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Forbodet mot deling gjeld og forpakting, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

”Departementet”, det vil i dag seie kommunen etter fullmakt frå Landbruks- og matdepartementet, kan gje samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller dersom deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gje. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal og takast omsyn til godkjente planar som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningsloven og omsynet til kulturlandskapet.

Til forslaget om endringar i delingsføresegna:

Saka har vore behandla av fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal på grunnlag av ei svært omfattande saksutgreiing med tilhøyrande merknader som vi i all hovudsak kan slutte oss til. Denne saka følgjer som vedlegg og har nytte både som kortversjon av høyringsnotatet og med tilhøyrande merknader med klar relevans til situasjonen også i vår kommune.

Behandlinga av delingssaker er eit relativt stort arbeidsfelt innafor den kommunale arealforvaltninga. Kvart år behandlar Tinn kommune 30 - 80 delingssaker etter plan- og bygningsloven. Saksmengda representerer eit mykje større antal frådelte parsellar – kanskje rundt 200. Av sakene blir eit mindre tal, i snitt vel 30 saker i året, i tillegg behandla etter jordloven. Kommunen har i seinare år, særleg etter at kommunen fekk utvida mynde i landbrukssaker som følgje av "kommunereformen", gjort mykje for å forenkla og samordne denne saksbehandlinga slik at søkjaren skal få eit raskt og enkelt svar på søknaden sin, og slik at kommunen kan spare ressursar som går med til saksbehandling.

I tillegg har det skjedd endringar i praktiseringa som gjer at merksemda i saker etter jordlova no i hovudsak ligg på å hindre uheldig oppdeling av dei rasjonelle driftseiningane i landbruket, langt mindre å drive paragrafrytteri som av nokre kan opplevast som hinder for busetting og næringsutvikling i bygdene. Søknadar om frådeling av t.d. bustadtomter heilt opp til 4 – 5 dekar blir i dei aller fleste tilfelle innvilga etter jordloven så sant det ikkje er openbare konflikter med vitale landbruksinteresser.

Departementet sine hovudargument for å avvike gjeldande reglar, er for det første at *"delingsforbodet byggjer på ei haldning der det ikkje er eigaren, men samfunnet som er nærast til å ta stilling til kva som vil vera den samfunnsmessig mest tenlege framtidige bruken av eigeiendommen. I dag er det nok større semje om at dette spørsmålet ofte er så komplekst at det med mindre samfunnet har lagt konkrete planar for bruken og eigaren sin bruk er i strid med dei (til dømes i strid med vedtekne arealplanar), bør det vera eigaren sjølv som har fridom til å fatte slike avgjerder."*

Vidare hevdast det i høyringsnotatet at *"føresegna kan leggja unødige band på eigaren sine moglegheiter for å utvide eller etablere alternativ næringsutvikling på landbrukseigeiendommen. Eit mål for endring av føresegna er difor å ta bort det som vert oppfatta som unødige band."*

Føresegnene bør elles leggje til rette for ein politikk som støtter opp under ei utvikling mot større eigeiendomar som grunnlag for auka og meir effektiv landbruks- eller tenesteproduksjon, samtidig som eigarane av landbrukseigeiendom bør stå over for færre forbod når dei vil nytte eigeiendommen sin for eigne formål. Reglane bør også leggje til rette for at dei som hentar inntekta frå anna verksemd enn tradisjonelt landbruk skal kunne få eige småbruk eller bu på tomter i landbruksområde.

Når føresegna om deling skal endrast, er det dessutan viktig å leggje til rette for ei forenkling av reglane slik at både eigarar og offentlege styresmakter kan få frigjort ressursar."

Høyringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet tilkjennegjev nokre oppfatningar som ikkje rimer med den tilliten departementet tidlegare har vist kommunane ved å overlata skjønnsutøving og avgjerdsmynde etter landbrukslovgjevinga nettopp til dei. Som det framgår, har det i Tinn kommune skjedd ei radikal avbyråkratisering av jordlovforvaltninga som følgje av kommunereformen. Vi går ut frå at det same skjer i andre kommunar. Og vi kjenner oss ikkje att når kommunen, som forvaltar av delingsføresegnene, framstillast som motspelar og ikkje medspelar for den enkelte eigar sine moglegheiter til lokal verdiskaping og tilrettelegging for busetnad. Eigarar som søker delingssamtykke med dette som formål møter ikkje vanskar med jordlovbehandlinga i Tinn kommune.

Mange av høyringsuttalene som er kome så langt i denne saka peikar på at fri oppdeling av skog og utmark ikkje i første rekke vil føre til styrking av andre bruk, men i staden til eit aukande antal små og urasjonelle driftseiningar utan lokalt eigarskap og utan primært forvaltningsmål om å utvikle næringsgrunnlaget lokalt. Det er blåaugd av departementet å uttrykke ei generell forventning om at ”om eigaren sjølv kan velje om han vil dele eigedomen sin, kan dette føre til både større utbod av areal som tilleggsjord og areal og bygningar til næringsformål.” Erfaring viser noko anna. Store deler av landbruksareala eigast i dag ikkje av aktive lokale bønder eller skogbrukarar som ser formålet med ein for landbruket tenleg eigedomsstruktur. Alt for mange eigarar har diverre så perifer tilknytning både til eigedomen og lokalsamfunnet at deira val styrast av andre mål enn å styrke lokal verdiskaping. Døme på dette er den for lengst utflutte tinndølen som i beste mening vil gjennomføre eit rettferdig arveoppgjør og sikre ungane kvar sin eigedom på eller ved Hardangervidda, eller Opplysningsvesenets fond som gjerne kvittar seg med det forsømte og kostnadstyngande gardstunet og jordbruksarealet på Tinn prestegard for å konsentrere eigarskapen om det som for eit hovudstadsbyråkrati gjev lettente pengar; skogen og fjellet. I slike tilfelle treng vi ein delingsparagraf i jordloven, og da brukar vi han til beste for bygda i samsvar med loven sin formålsparagraf.

Jordvern eller landbruk?

Norsk landbrukspolitikkk generelt, og dette høyringsnotatet spesielt, synest å vere prega av eit landbrukspolitisk syn som har sitt utgangspunkt i det typiske gardsbruket i sentrale austlandsområde eller på Jæren, med ”nokre hundre mål jord og ein liten skogteig”. Hvis i tillegg Oslo eller Stavanger ligg rimeleg nære, forstår vi godt det sterke fokuset på jordvern som pregar endringsforslaget, på bekostning av omsynet til landbruket sitt totale ressursgrunnlag. Frå ”Strategiplan for landbruk og naturforvaltning 2003 – 2007” vedteken av kommunestyret 25.09.2003, saksar vi:

Tinn Kommune har eit ressurssterkt landbruk når fjell og utmark er inkludert. Det er særleg viktig at desse ressursane vert forvalta på ein måte som skaper næring, sysselsetting og inntekt til noverande og framtidige generasjonar på gardsbruka. Reglane for konsesjon slik dei er nedfelt for jord og skog må gjelde også for fjell og utmarksareala. Jakt, fiske og gardsturisme må definerast og akseptast som driftsgrein i landbruket. Lovverk i tekst og praktisering må tilpassast dei praktiske røynslene før kommunen for alvor mistar både bygdebusetting og landbruket. Særlege rettar for aktive gardsbruk må akseptast både når det gjeld oppføring av driftshusvære og motorferdsel i samband med næringsutøving.

Beiteressursane må reserverast for husdyr og ikkje rovdyr. Dersom husdyra taper denne kampen, er alt grunnlag for husdyrhald i Tinn kommune borte, også på svært lang sikt.

Vi som bur i Tinn undrast over at departementet så lett vint foreslår å fjerne samfunnet sin kontroll med eigedomsutforminga i skog og utmark, men held attende særlege føresegner om jordvern og gardstun. I vår del av landet oppfattast landbruket som tufta på tre pillarar; jord, skog og utmark. For Tinnlandbruket si framtid er det avgjerande å halde fast på og styrke gardane sitt samla ressursgrunnlag. Til det er § 12 i jordloven eitt av dei viktigaste verkemidla.

Høyringsuttalen frå Fylkeslandbruksstyret i Telemark underbygger desse synspunkta og inneheld døme både frå Skottland og Tinn som viser ei utvikling som det er sannsynleg vil følgje av å oppheve forbodet mot eigedomsdeling i landbruket. Det kan, med tilvising til Skottland, bli langt meir ressurskrevjande å rette opp att følgjene av ei utilsikta utvikling enn å forsøke å motverke at ho skjer.

Oppheving av tinglysingskontrollen ved frådeling

Vi har frå kommunen si side ingen motforestilling mot at kontrollen med om delinga er omfatta av plikt til å søke delingssamtykke etter jordlova, blir gjennomført i samband med kommunen si behandling av sak om deling og oppmåling etter føresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.

Føresegn etter ny § 13 eller endring av plan- og bygningslova?

Om Stortinget likevel skulle vedta å oppheve delingsføresegnene i § 12 er det, med utgangspunkt i lokale tilhøve og vedtekte landbruksstrategiar i Tinn, eit klart behov for å behalde eit lokaltilpassa kontrollinstrument gjennom føresegner til jordlova. Vi trur at eigedom, definert som driftseining i landbruket, jf § 12, har alt for dårleg lovmessig vern i plan- og bygningslova til at tilpassingar av denne kan erstatte delingsføresegnene i jordlova. Ei utilsikta oppsplitting av skog og utmark, som t.d. overføring av teigar til perifere eigarar utan landbrukstilknytning, vil vanskeleg bli råka av føresegner i kommuneplan om deling eller utforming av eigedom og tomter, og heller ikkje vere i strid med vedteken arealbruk i kommuneplanen.

Ei eventuell lokal føresegn må, dersom den skal ha tilsikta verknad i høve til lokale strategiar, kunne byggast på eit vidt spekter av omsyn og lokale prioriteringar, og kunne omfatte alle deler av kommunen som ikkje er regulert til anna enn landbruk. Vi er likevel sterkt i tvil om eit slikt instrument, vedteke som ei særordning kommune for kommune, vil vere med på å styrke det norske folk si rettsoppfatning. Erfaringane knytte til nabokommunar sin ulike praktisering av prisføresegnene i konsesjonslova, med påfølgjande harselas både frå eigedomsmeklarar og media, talar mot innføring av ei slik lokal særlovgeving.

Frivjug statleg kjøp og oreigning (ekspropriasjon) av tilleggsjord m.m.

Vi har ingen merknader til at lovheimlane til desse ordningane blir fjerna.

Tilskotsføresegna, jordlova § 18

Vi har ingen merknad til den foreslegne endringa eller presiseringa i § 18.

Oppheving av ulike lover

Vi har ingen merknad til dei foreslegne endringane.

Konklusjon:

Tinn kommune bør avvise framlegget om oppheving av delingsforbodet i jordlova og dei lovendringane som følgjer av dette.

Dersom Stortinget likevel skulle vedta å oppheve det generelle delingsforbodet, er det eit klart behov for å gje heimel for kommunane til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søke samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar.

Til dei andre foreslåtte endringane som kjem fram av høyringsnotatet rår vi til at kommunen ikkje har merknader.

Særutskrift sendast:

Det kongelige landbruks- og matdepartement	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Fylkesmannen i Telemark, landbruksavd.	Statens hus	3708	SKIEN
Tinn kommune, miljøvern og landbruk	Landbrukskontoret	3656	ATRÅ
Tinn kommune, plan		3660	RJUKAN